

Retningslinjer i 2022 for støtte til frukt, bær og retningslinjer for etablering av småskalaproduksjon av grønnsaker, frukt og bær

Støtte til frukt- og bærfelt

Prioritering av søknader

På gardsbruk der frukt- og bær dyrking utgjør eller vil kunne bli ein vesentleg del av inntekta, kan det løyvest tilskot til fornying og nyplanting av frukt, og dekkjesystem for bær. Det er eit krav at søkjaren bur på eller nært garden, og at ressursgrunnlaget for verksemda er knytt til bruket og bygda. Støtte til planting av bær inkl dekkjesystem og frukt til konsum, sider og saft på gardsbruk i frukt- og bærdistrikta er høgt prioritert. Nye produsentar må dokumentere sin kompetanse om dyrking. Søknader om støtte til kjølelager for frukt og bær på gardsbruk er lågt prioritert.

Plan for tiltaket

Planen må bygge på moderne dyrkingsprinsippet med tilrådde tal planter pr. dekar. Tilpassingar kan likevel godkjennast. Det skal leggjast stor vekt på at sortar/kulturar og dyrkingssystem er framtidsretta og at dette skjer i samråd med det aktuelle fruktmottaket og rettleiingstenesta.

Arealkrav

Arealet som det er planen å fornye/plante, bør normalt vere minst 3 daa. Areal med bær som skal dekkjast, bør normalt vere minst 3 daa. Investeringsstilskotet vil bli redusert dersom det er gitt erstatning til nyplanting etter offentleg pålegg til same fruktfeltet. Investeringsstilskotet kan vidare bli redusert dersom det er eller blir ytt tilskot frå kommunale fond.

Godkjende kostnader

Arrondering og rydding. Kostnader som kan godkjennast:

Rydding av gamle frukttrær.

Tiltak som vil betre arrondering og dyrkingstilhøve; fjerning av bergknausar, legging av bekkar i røyr, med meir. Ta kontakt med landbruksetaten i kommunen for å vurdere om tiltaket er søknadspliktig, eventuelt om støtte til drenering/grøfting.

Nyplanting og fornying av fruktfelt. Kostnader som kan godkjennast:

Planter, plantearbeid, oppbinding, vatningsanlegg og ulike dekkjesystem for moreller.

Bærproduksjon med dekkje. Kostnader som kan godkjennast:

Investering og oppføring av dekkjesystem og anlegg for vatning og gjødsling.

Planter, plantearbeid og oppbinding for bringebær.

Viltgjerde / hjortegjerde:

Kan setjast opp der det er behov for skjerming, og ikkje nødvendigvis rundt planlagt nyplanting.

Nivå på godkjende kostnader og støttesatsar

Til konvensjonell dyrking kan det løyvest inntil 35 % tilskot til plantekostnader.

Til økologisk dyrking kan det løyvest inntil 50 % tilskot til plantekostnader, men normalt vert det gitt inntil 40 % tilskot.

Ved generasjonsskifte blir det normalt ytt inntil 35 % tilskot.

Kostnader til etablering av frukt- og bærfelt vil variere med omfang og topografi. Det same gjeld risiko og lønsemd i prosjektet. I tabellen nedanfor er låge satsar aktuelle for areal med god topografi, medan høge satsar er aktuelle for areal med krevjande topografi og bratt terreng.

Produksjon	Kostnader, kr pr da	Støttesats
Planting av kjernefrukt - eple og pære	Inntil kr 75 000	25 - 30 %
Planting av plomme	Inntil kr 50 000	30 - 35 %
Planting av moreller med dekkjesystem	Inntil kr 220 000	30 - 35 %
Bringebær med dekkjesystem	Inntil kr 170 000	20 - 25 %
Jordbær i tabletop med dekkjesystem	Inntil kr 300 000	20 - 25 %
Viltgjerde	Inntil kr 100 kr pr meter	20 - 25 %
Arrondering/rydding (må kostnadsreknast i kvart enkelt tilfelle)	Inntil kr 30 000	20 - 25 %

Eigeninnsats

Inntil kr 350,- per time for manuelt arbeid og inntil kr 800,- pr time for egen traktor/gravemaskin med førar. Det er kun eigeninnsats til søkjar/støttemottakar og evt. ektefelle/sambuar som blir godkjent i prosjektet.

Korleis søkje om støtte?

Søknaden, som skal sendast elektronisk til Innovasjon Norge, fyllast ut på www.innovasjonnorge.no.

Velg menyvalet Landbruk deretter tradisjonelt landbruk. Ta kontakt med landbruksetaten i kommunen for hjelp med søknaden. Tiltaka i prosjektet skal ikkje vere starta opp før Innovasjon Norge har handsama og avgjort søknaden.

Bruk gjerne rådgevarar frå rettleiingstenesta i planlegginga

Sjå nettsida til Norsk Landbruksrådgiving: <https://vest.nlr.no/ansatte?reg=vest>

Vedlegg for søknad om støtte til frukt og bær

- ✓ Planteplan som viser tal teigar, sortar, planteavstand og tal tre.
- ✓ Dekningsbidragskalkyle for frukt og bær, utarbeidd av NIBIO, <http://www.landbruksforum.no/frukt/kalkyle/>
- ✓ [Investerings- og finansieringsplan for frukt og bær](#)
- ✓ Kostnadsoverslag, bilde av noverande areal og plan for rydding og arrondering.
- ✓ Kart som viser planting/dekkjesystem, <https://gardskart.nibio.no/search>
- ✓ Kopi av avtaler for leigd areal. Leigeavtaler skal vere på minimum 10 år.
- ✓ Næringsoppgåve for førre inntektsår.
- ✓ Skattemelding til søkjar, og eventuelt til sambuar/ektefelle, førre inntektsår.
- ✓ Stadfesting om lån frå bank, i prosjekt som delvis skal finansierast med lån.

Medlemmar i Gartnerhallen – leveranse til Bama

- ✓ Fornyingsplanting av eldre frukthage: Uttale frå mottak om godkjende sortar og planteplan.
- ✓ Nyplanting: Godkjent produksjonsplan frå Gartnerhallen. Produksjonsplan kan ettersendast, om han ikkje er klar på søknadstidspunktet.

Medlemmar i Norggrønt – leveranse til Coop

- ✓ Fornyingsplanting av eldre frukthage og nyplanting: Uttale frå mottak om godkjende sortar og planteplan.

Medlemmar i Nå fruktlager, Hardanger

- ✓ Fornyingsplanting av eldre frukthage og nyplanting: Uttale frå mottak om godkjende sortar og planteplan.

Godkjenningar frå kommune og Debio

Om prosjektet må ha byggjeløyve, skal byggjeløyve leggest ved søknaden.

Ved søknad om støtte til økologisk produksjon, skal dokumentasjon frå Debio om at arealet er godkjend for økologisk produksjon, skal leggest ved søknaden. Om Debio-godkjenning ikkje er klar på søknadstidspunktet, må ein dokumentere at ein er i prosess og godkjenning skal sendast til Innovasjon Norge innan sluttutbetaling av tilskot.

Retningslinjer for etablering av småskalaproduksjon av grønnsaker, frukt og bær

Det kan ytast tilskot til nyetablering eller til ny småskalaproduksjon som tilleggsproduksjon på gardsbruk.

Kven kan få finansiering

Støtttemottaker må vere eigar eller medeigar av landbrukseigedom eller registrert føretak, og som rekneskapsfører prosjektet og støtta i sitt rekneskap. Andre personar med særskild tilknytning til eigedomen som f.eks. ektefelle, sambuar, eldre eller neste generasjon kan også vere støtttemottakar.

På gardsbruk der grøntproduksjon utgjer eller vil kunne bli ein vesentleg del av inntekta, kan det løyvast tilskot til utvikling av småskala grøntproduksjon. Det er eit krav at søkjaren bur på eller nært garden, og at ressursgrunnlaget for verksemda er knytt til bruket og bygda.

Kostnader som kan godkjennast

Utviklingstiltak, marknadsarbeid, kompetanseheving, mentor, etablering av dyrkingsfelt, viltgjerde, veksthus, kjøle- og lagerrom, produksjonslokaler, utvikling av berekraftig emballasje, med meir.

Støttesatsar

Til utviklings-, marknads- og kompetansetiltak kan det ytast inntil 75 % tilskot, men normalt blir det gitt inntil 60 % tilskot.

Det kan ytast inntil 35 % tilskot til etablering av dyrkingsfelt, bygningsmessige og tekniske investeringar, men normalt blir det gitt inntil 25 % tilskot. Ved søknad om støtte til etablering av frukt- og bærfelt og viltgjerde, gjeld satsar i tabell på side 2 i dokumentet.

Til økologisk dyrking kan det løyvast inntil 50 % tilskot til etablering av dyrkingsfelt, planting av frukt og bær, men normalt vert det gitt inntil 40 % tilskot.

Eigeninnsats

Inntil kr 350,- per time for manuelt arbeid og inntil kr 800,- pr time for eigen traktor/gravemaskin med førar. Det er kun eigeninnsats til søkjar/støtttemottakar og evt. ektefelle/sambuar som blir godkjent i prosjektet.

Korleis søkje om støtte?

Søknaden, som skal sendast elektronisk til Innovasjon Norge, fyllast ut på www.innovasjonnorge.no. Klikk på menyval om Landbruk deretter Tilleggsnæring. Søknadsskjema ligg nederst på nettsida. Ta kontakt med landbruksetaten i kommunen for hjelp med søknaden. Tiltaka i prosjektet skal ikkje vere starta opp før Innovasjon Norge har handsama og avgjort søknaden.

Bruk gjerne rådgevarar frå rettleiingstenesta i planlegginga

Sjå nettsida til Norsk Landbruksrådgiving: <https://vest.nlr.no/ansatte?reg=vest>

Vedlegg for søknad om støtte ved etablering av småskalaproduksjon av grønnsaker, frukt og bær

- ✓ Informasjon om søkjar; utdanning, yrkeserfaring og kompetanse innan planlagt produksjon.
- ✓ Fagleg vurdering (Norsk Landbruksrådgiving) om areal som skal nyttast til grønnsaker, frukt og bær.
- ✓ Kart som viser etablering av småskalaproduksjon <https://gardskart.nibio.no/search>
- ✓ Plan og kostnadsoverslag for etablering; marknadsundersøking, kompetanseheving og mentor.
- ✓ Plan og kostnadsoverslag for dyrking av grønnsaker; etablering av dyrkingsfelt, tal bed, sortar og evt dekkvekstar.
- ✓ Dekningsbidragskalkyle for grønnsaksproduksjon, sjå [Handbok for driftsplanlegging](#)
- ✓ Driftsbudsjett for planlagt produksjon, gjerne for 3 år.

✓ Kostnadsoverslag for fysiske investeringar, utarbeidd på av Norsk Landbruksrådgiving, entreprenørar, leverandørar eller innhenta pristilbod.

✓ Investerings- og finansieringsplan for småskalaproduksjon

- ✓ Kopi av avtaler for leigd areal. Leigeavtaler skal vere på minimum 10 år.
- ✓ Næringsoppgåve for førre inntektsår.
- ✓ Skattemelding til søkjar, og eventuelt til sambuar/ektefelle, for førre inntektsår.
- ✓ Stadfesting om lån frå bank, i prosjekt som delvis skal finansierast med lån.

I søknader om etablering av småskala produksjon treng ein ikkje legge ved produksjonsplan frå marknadsaktør. Krav til dokumentasjon kan variere med storleik på prosjekt og kor langt søkjaren har kome i etableringa.

Godkjenningar frå kommune og Debio

Om prosjektet må ha byggjeløyve, skal byggeløyve leggest ved søknaden. Ved søknad om støtte til økologisk produksjon, skal dokumentasjon frå Debio om at arealet er godkjend for økologisk produksjon, leggest ved søknaden. Om Debio-godkjenning ikkje er klar på søknadstidspunktet, må ein dokumentere at ein er i prosess og godkjenning skal sendast til Innovasjon Norge innan sluttutbetaling av tilskot.

Kontaktpersonar

May Britt Otterlei, Innovasjon Norge Vestland, avd Bergen
E-post: may.britt.otterlei@innovasjon norge.no Tlf: 906 11 632

Vemund Aartun, Innovasjon Norge Vestland, avd Sogndal
E-post: vemund.aartun@innovasjon norge.no Tlf: 992 93 696